Stord kommune ligg sentralt i Sunnhordland, og har om lag 19.000 innbyggjarar. Fellesrådsområdet femner om Stord og Nysæter sokn, med 2 kyrkjer og Huglo bedehuskapell. Dei komande åra står kyrkja føre spanande endringar og nye utfordringar. Fellesrådet er arbeidsgjevar for 14 tilsette; diakon, kantorar, kyrkjelydspedagog, kyrkjegardsarbeidarar, kyrkjetenarar og administrativt personale, til saman om lag 12 årsverk. I tillegg er det 2 sokneprestar og 2 prostiprestar. Administrasjonsmålet er nynorsk.

# Frå 1.august 2021 er det ledig fast 70-100 % stilling i trusopplæringa i Stord og Nysæter.

## Arbeidsområde

- Oppgåver innan trusopplæring 0-18 ÅR i samarbeid med einingsleiar for trusopplæringa.
- Fordelinga av oppgåver innan trusopplæring vil bli vurdert ut frå kvalifikasjonar m.m

## Kvalifikasjonar

- Utdanning som kyrkjelydspedagog eller kateket.
- Søkjarar med utdanning innan kristendom, teologi og pedagogikk vil også bli vurdert.
- Erfaring med kyrkjeleg arbeid for barn og unge.
- Erfaring med å bruka IT-verktøy og sosiale medier i arbeidet.
- Den som vert tilsett, skal leggja fram tilfredsstillande politiattest jfr. Kyrkjelova § 29.
- Du må vera medlem i Den norske kyrkja.
- Personlege eigenskapar vil verta vektlagde.

## Personlege eigenskapar

- Hjarte for barn og unge.
- God formidlingsevne.
- God evne til å planlegga og drifta ulike aktivitetar og tiltak.
- God relasjonsbyggjar.
- Kreativ og nyskapande.
- God evne til å arbeida sjølvstendig og under leiing/rettleiing i team.

## Me kan tilby

- Utfordrande og meiningsfylte arbeidsoppgåver i eit godt, tverrfagleg stabsfellesskap med kompetente og engasjerte medarbeidarar
- Fagleg og personleg utvikling
- Løn etter gjeldande KA-tariff.
- Pensjonsordning i KLP

## Anna

- Tilsetjing skjer med Stord kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar og med sokna Stord og Nysæter som arbeidsområde.
- Kontorstad: Stord kyrkjekontor i Leirvik sentrum.
- Du må trivast med ein del kveld –og helgejobbing. Avspasering etter avtale.
- Den som vert tilsett må ha sertifikat klasse B og disponera bil.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å venda seg til einingsleiar for trusopplæringa Elisabeth Fauskanger, fellesrådsleiar Dag Sele, tlf.913 13 745, kyrkjeverje/dagleg leiar, Reidar Ådnanes, tlf. 90954921, eller via e-post til: post@kyrkja-stord.no

Søknad med kopiar av vitnemål og attestar, og referansar vert å senda til

post@kyrkja-stord.no

Søknadsfrist: 10 februar 2021

www.kyrkjastord.no